



Til Norges Bygdekvinnelag sine lokallag og distriktslag

Oslo, 27. mars 2023

## Søknad om momskompensasjon 2023

Norges Bygdekvinnelags lokal- og distriktslag kan no sende inn søknaden om momskompensasjon for rekneskapsåret 2022.

### God moglegheit for å spare pengar

Momskompensasjon er eit verkemiddel for å styrke frivillige organisasjonar. Føremålet er å kompensere for kostnader friviljuge organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester.

I fjor søkte 229 lokallag, 16 distriktslag og Norges Bygdekvinnelag sitt sentralledd om momskompensasjon for regnskapsåret 2021. Totalt fekk organisasjonen att kroner 1 916 556,- i momskompensasjon. Norges Bygdekvinnelag oppfordrar alle lokal- og fylkeslag til å sende inn søknad. Alle lag sender søknaden til Norges Bygdekvinnelag som sender den vidare på vegne av laga.

Det er lotteri- og stiftelsestilsynet som behandlar søknadene. Norges Bygdekvinnelag får oversikt over godkjende søknader og beløp som vi skal fordele vidare. Dette får vi vanlegvis i midten/slutten av desember (2023).

### Frivillighetsregisteret

Det er eit krav at alle lokale- og regionale lag som skal søke om momskompensasjon skal vere registrert i Frivillighetsregisteret med eige organisasjonsnummer.

Det er heilt gratis å stå i frivillighetsregisteret, og det er enkelt å registrere seg. Gå inn på Brønnoysundregistrene for å registrere laget:

<https://www.brreg.no/lag-og-foreninger/registrering-i-frivillighetsregisteret/>

### Søknadsprosessen

Bygdekvinnelaget nyttar forenkla søknadsmodell. Det vil seie at søknaden er basert på laget sine samla kostnader. Med andre ord, sum utgifter (kostnader) i rekneskapsåret – teke direkte frå årsrekneskapan. Det skal ikkje korrigerast for noko. Det er nokre unntak, dei kjem fram i skjema og gjeld ikkje mange lag – om nokon.

Erfaringa frå tidlegare år er at dei aller fleste lokallaga finn rett beløp for brutto (sum) driftskostnader. Likevel er det ein gjengangar at ein korrigerer for kostnader som ikkje har meirverdiavgift, eller andre forhold ein trur ikkje er kompensasjonsberettiga. For lokallag og distriktslag skal ein kun gje opp summen av dei kostnadene (utgiftene) som laget har hatt i rekneskapsåret.

Lag som har kostnader under 5 millionar treng ikkje godkjenning frå autorisert revisor. Noko som gjeld alle våre lag.

**Bygdekvinnelaget inviterer til zoom-møte onsdag 24 . mai klokka 12.30 – 13.00**

På møtet får du ei kort innføring i korleis fyller ut laget sin søknad om momskompensasjon, og moglegheit til å stille spørsmål. Delta på møtet ved å følgje lenkja i e-posten/på nettsida.

**Send inn søknaden**

Send inn søknaden elektronisk ved å følgje lenkja frå Bygdekvinnelaget si nettside/e-posten.

Vi oppmodar alle til å nytte denne måten for innsending, sidan det er enklast for dykk.

Om du vil kan du sende søknaden som vedlegg i e-post til [astrid.seime@bygdekvinnelaget.no](mailto:astrid.seime@bygdekvinnelaget.no) eller i posten til Norges Bygdekvinnelag, postboks 9358 Grønland, 0135 Oslo.

Det enkelte lokal- og distriktslag skal ikkje sende inn signert årsrekneskap eller årsmelding som vedlegg til søknaden. Det er likevel viktig at de har dokumentasjonen tilgjengeleg om lotteri- og stiftelsestilsynet eller Norges Bygdekvinnelag sin revisor etterspør dokumentasjonen. Ulike lag frå Norges Bygdekvinnelag vert kvart år plukka ut til stikkontroll.

**Søknadsfrist: 20. juni 2023**

NB! Når du sender søknaden elektronisk eller på e-post vil du få bekrefta at søknaden er mottatt. Sender du derimot søknaden i posten har vi diverre opplevd at den ikkje har kome fram. Det er difor viktig at du tek kontakt med oss (i god tid før fristen) på e-post eller telefon for å få bekrefta at søknaden er komen fram.

Ta kontakt med Bygdekvinnelaget sitt sekretariat om du har spørsmål, vi hjelper deg gjerne!

Med vennleg helsing



Cesilie Aurbakken  
Generalsekretær



Astrid Seime  
Organisasjonsrådgjevar